



Referanser:

Arkivsak: 24/02109-6

UKM 03/24 Val på Ungdommens kyrkjemøte 2024

Sammendrag

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte fleire val. Valkomiteén som vart valt på UKM 2023 har vore:

Thomas Raadin Iversen, leiar DnkU
Asta Eline Aker, medlem
Christoffer Fosshaug, medlem

Forslag til vedtak

Valkomiteen legg fram følgande forslag til val på Ungdommens kyrkjemøte 2024:

- Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval
- 4 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:
- 3 representantar til Kyrkjemøtet 2025:
- 2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2025

Saksorientering

Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2025. Kyrkjemøtet blir arrangert 25. - 28. april 2025 i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane vel UKM 2024 også vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser også til Kyrkjemøtet 2025. Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere Den norske kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt, og skal hjelpe til ved førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 4 medlemmar av DnkU for to år

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2024 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala under møtet.

For Den norske kyrkjes ungdomsutval og representantar til Kyrkjemøtet 2024 gjeld det at medlemmane har møteplikt til møta. Dette er forankra i at medlemmer av et kirkelig organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall», jf. kyrkjeordninga § 38 første ledd. Denne paragrafen gjeld også organa i ungdomsdemokratiet, og kjem direkte til uttrykk i § 38 tredje ledd.

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2025. Det er høve til å ta attval til valkomiteen om ein er delegat til møtet. DnkU nemner opp ein representant og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen.

Økonomiske/administrative konsekvenser

Valte medlem av Den norske kyrkjes ungdomsutval får dekt reise og opphald i forbindelse med møta i utvalet.

Valte medlem til valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2025 får dekt reise og opphald i forbindelse med Ungdommens kyrkjemøte 2025.

Valte representantar til Kyrkjemøtet 2025 i Trondheim får dekt reise og opphald i forbindelse med Kyrkjemøtet 2025.